

Råd ved tilsetjing av musikkterapeut

Utarbeidd av POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi. Sist revidert mars 2019, i samarbeid med Creo, CREMAH og GAMUT. Ved spørsmål, ta gjerne kontakt: polyfon@uib.no

Utlysing

Dei nasjonale faglege retningslinjer som tilrår musikkterapi, presiserer at behandling må utførast av terapeutar med godkjend utdanning i musikkterapi. I Noreg inneber dette anten mastergrad eller toårig vidareutdanning i musikkterapi (det siste gjeld kandidatar utdanna før 2004). Det bør gå tydeleg fram av utlysinga at ein søker etter ein musikkterapeut. Musikkterapifeltet er i rask utvikling, så for å sikre god rekruttering er det tenleg å lyse ut stillingar i god tid og med god spreing. I tillegg til vanlege kanalar for utlysing, er instansar som Norsk foreining for musikkterapi, POLYFON, Creo, CREMAH og GAMUT (UiB & NORCE) vanlegvis villige til å hjelpe til med å spreie informasjon om utlysingar gjennom sine kanalar.

Stillingsstorleik

Kva tal stillingar som er aktuelle i kvar organisasjon, vil sjølvsagt variere med organisasjonsstorleik og arbeidsoppgåver. Erfaringane med fulle stillingar er gode, med tanke på integrasjon av musikkterapi i det tverrfaglege samarbeidet.

Fagleg tilrettelegging

Viktige moment når det gjeld fagleg tilrettelegging:

1. Forankring i leiinga og god informasjon til fagmiljøa
2. Del av tverrfagleg team, med rett og plikt til journalinnsyn og journalføring
3. Realistisk avgrensing av arbeidsområde og -oppgåver
4. Tilrettelegging for samarbeid på tvers av etatar og sektorar
5. Tilrettelegging for fagleg utvikling, gjennom rettleiing og etter- og vidareutdanning, eventuelt også forskning der det ligg til rette for det.
6. Tilgang til eit lydisolert eller lydskjerma musikkrom, med utstyr som samsvarar med tilbodet
7. Tilgang til kontorplass.

Kostnader

Løn

Musikkterapeutar som er tilsette i det kommunale tariffområdet (KS) følgjer stillingskode 7712, «Lektor og stillingar med krav om mastergrad». I Oslo Kommune har musikkterapeutar stillingskode 3108. Det vert arbeidd med å etablere kode i helseføretaka for stillingar med krav om mastergrad. Per no er musikkterapeutar i Spekter Helse-området plasserte i stillingsgruppe 5. Musikkterapeutar er ofte organiserte i Creo – forbundet for kunst og kultur.

Instrument/utstyr

Innkjøp av instrument og utstyr inngår i tilrettelegging for ei musikkterapistilling. Kva sum som trengst vil vere avhengig av kva type musikkterapitilbod ein ønskjer å gje:

- kr. 20-40 000: ei startinvestering, t.d. gitar eller elpiano, div. rytmeinstrument og PC-høgtalar
- kr. 50-100.000: eit minimum for å kunne gje pasientane tilbod om å spele i band
- kr. 100-200 000: ein utstyrsparke for eit breitt musikkterapitilbod, inklusivt digitale hjelpemiddel.